

Vestlandsrådet

VR-sak 20/12 Vedlegg

Innspel til ny stortingsmelding om sjømat

Bakgrunn

Ny stortingsmelding om sjømat er under utarbeiding, med 2012 som ramme. Visjonen for meldinga er ”Norge – verdens fremste sjømatnasjon”. I 2013 skal meldinga på offisiell høyring. I prosessen med meldinga har Fiskeri- og kystdepartementet etablert ei netteneste med oppfordring til alle om å komme med innspel.

Stortingsmeldinga skal m.a. ta opp i seg problemstillingar frå Arealutvalet sin rapport ”Effektiv og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til begjær”. Vidare skal innspela til arbeidet med ny strategi for marin forskning og utvikling; ”Hav 21”, takast med. Våren 2012 gjennomførte fiskeri- og kystministeren fleire samrådsmøte med næringa, forskning og forvaltningsmiljøa. Den 31. januar hadde statsråden møte i Ålesund, og 17. mars var det møte i Bergen.

Vestlandsrådet gav sine innspel til Hav 21 17.02.2012 på vegne av dei fire Vestlandsfylka. I vedtaket frå Vestlandsrådet var det m.a. fokus på kunnskap og forskingsinnsats knytt til: behov for ny marin forskingsstrategi, styrking av kunnskapsmiljøa på Vestlandet, utvikling av betre forvaltningsverktøy, område for matproduksjon i sjø, integrert akvakultur og nye artar, utnytting av fiskeavfall, berekraftig fôr, fiskehelse, ny teknologi, betre vilkår for bedriftsforskning gjennom SkatteFUNN, bio-raffinering av marint råstoff, dyrking av mikro- og makroalgar, helseeffektar av sjømat, kystfiskeri /reiseliv, sjømat /kultur og visningsanlegg.

Noreg - verdas fremste sjømatnasjon - Vestlandet sin rolle og bidrag

Vestlandet – den leiande marine regionen i Noreg

Sjømatnæringa og marin sektor er ei stor og viktig næring på Vestlandet, og Vestlandsrådet har løfta fram marin og maritim sektor i strategiske dokument og planar.

Vestlandsrådet har kartlagt maritim/marin sektor på Vestlandet. Rapporten viser at det er særleg innafor sal og oppdrett at ein finn dei marine verksemdene som gjev størst omsetning. Den marine klynga på Vestlandet omset for 71 mrd. kroner og gjev ei verdiskaping på 12 mrd. kroner. Dette utgjer 56.6 % av verdiskapinga frå marin næring i Noreg.

I tillegg til det politiske samarbeidet gjennom Vestlandsrådet har Vestlandsfylka administrativt samarbeid om koordinering av innsats og erfaringsutveksling innan marin næringsutvikling (VestMarin) og akvakulturforvaltning.

Framtidas havbruk og sjømatnæring

Utvikling av ny teknologi og betring av rutine for å betre miljømessig berekraft i dagens driftsformer i laksenæringa må framleis ha fokus framover. Løysing av utfordringane med lakselus og rømming er avgjerande for at denne næringa skal kunne vekse og vere grunnlag for verdiskaping og sysselsetting på kysten. Forsking på oppdrett av, og bruk av, reinsefisk for å redusere problema med lakselus, må halde fram. I framtida vil det vere trong for ei meir variert havbruksnæring med nye dyrkings- og driftsformar, samt utvikling av akvakultur for fleire artar med kommersielt potensiale.

Det må setjast av forskingsmidlar og det vil vere trong for betre verktøy for etablering av eigenkapital og risikoavlastning for marine gründerbedrifter i oppstartfasen. Ein viser her til utgreiingar som vart

Vestlandsrådet

gjort av SINTEF MRB for Vestlandsrådet, med bakgrunn i verksemder som jobba med kommersialisering av marint oppdrett på Vestlandet.

Det må vidare leggjast til rette for betre koplingar mellom fiskeri og reiseliv og utvikling av kvalitet, nettverk og kompetane på dette feltet. I dag er regelverk for landing og distribusjon av lokalfanga fersk fisk eit hinder for ferske og kortreiste råvarer til m.a, restaurantnæringa. Reglane må endrast slik at lokale fiskemottak som har høve til det kan sikre leveransar av fersk og kortreist sjømat.

Styrking av marin forskning på Vestlandet

FoU-institusjonar på Vestlandet som UiB, Havforskningsinstituttet, Iris, NOFIMA, NIFES, UiS, Møreforskning med fleire utgjer i dag eit internasjonalt tyngdepunkt innan fiskehelse, marin klimaforskning, kunnskap om sjømat og helse, marin biologi og ressursforvaltning. Desse miljøa er klare til å styrke og vidareføre denne nasjonale posisjonen som internasjonalt tyngdepunkt for marin forskning. Samarbeid mellom Vestlandsmiljøa er òg viktig i denne samanheng.

Forskinga har stor breidde i tema; berekraftig havbruk, sjømat og helse, fiskehelse og fiskeri- og havbruksforvaltning, fiskeriøkonomi og marknad. Ei ordning med "Marin SFI" vert foreslått som verktøy for spissing av innsatsen innan marin forskning og utvikling.

Infrastruktur

Gode kommunikasjonar er kritisk for å sikre konkurransekraft og verdiskaping i sjømatnæringa på Vestlandet. Det må etablerast effektive transportløysingar internt på Vestlandet og mot resten av landet og utlandet. Staten må følgje opp sitt ansvar innan samferdsel i regionen. I denne samanheng er ferjefri E39 som ein rask transportkorridor mot kontinentet særskilt viktig for næringa på Vestlandet.

Både Norge og EU har som målsetting å flytte meir transport av varer frå "hjul til kjøll". I følgje prognosar vil sjøtransporten auke i dei neste 30 åra, men ser likevel ut til å tape samanlikna med godstransport på veg. Slitasjen på vegnettet vert derfor potensielt stor, med fare for både ulykker, køar og lokal forureining. Stad er ei utfordring for kommunikasjon langs sjøvegen på Vestlandet. Stad Skipstunnel vil gje meir stabile rammer for sjømatnæringa og skipstrafikken forbi Stadlandet bl.a. gjennom redusert ventetid. Stad Skipstunnel vil også knyte saman Vestlandet på ein heilt ny måte, og gje ringverknader også i andre næringar.

Areal

Dagens laksenæring treng tilgang på gode produksjonsareal i sjø for å kunne vokse og drive berekraftig. Utvikla har ført med seg trong for større og meir fleksible område. Samtidig har det vore sterk reduksjon i tal lokalitetar. Denne trenden har vore sterkare i Midt Noreg enn på Vestlandet. Vestlandet har meir oppdelt produksjon på fleire einingar og dermed høgare produksjonskostnader. Ein legg difor til grunn at Vestlandet har trong for særlege regionale arealmessige rammetilhøve for omarrondering for sikring av konkurranse kraft. I Hordaland er bl.a. store delar av Hardangefjorden underlagt restriksjonar i høve til produksjon m.a. pga verknader av oppdrettslaks på villaks. Også i Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er det store areal der ein ikkje kan drive oppdrett i dag. Det er ein utfordring å finne nye og optimale areal og lokalitetar.

Enkelte kommunar er lite villige til å setje av akvakulturareal i sine sjøområde med argumentasjon om at lokalsamfunna har for lite igjen i form av ringverknader og sysselsetjing. Nasjonalt fokus på negative miljøverknadar forsterkar denne lokale skepsis til næringa. Gode insentiv for kommunane i form av ei "arealavgift" er tema i fleire kystkommunar. Ein fersk rapport (Rapport 18/2012)¹ som NOFIMA har utarbeidd på oppdrag frå Fiskeri og kystdepartementet konkluderar med at kommunane jamt over ikkje er negative til oppdrett, men at det må etablerast ordningar som gjer at kommunane får

¹ <http://www.nofima.no/publikasjon/96C3C8E2BA314A35C12579EA003E6E1B>

Vestlandsrådet

inntekter som ”monnar”. Konklusjonen er at ei form for ”arealavgift” vil kunne gje betre insentiv for kommunane for aktiv og positiv tilrettelegging for havbruk.

Felles kunnskapsgrunnlag og identifisering av optimale sjøareal for matproduksjon kan vere gode hjelpemiddel. I mange kommunar vil det vere eit behov for kunnskap knytt til planlegging i sjø. Erfaringane med arealplanlegging på regionalt nivå kan vere viktig for andre fylker, og det kan vere nyttig at det vert lagt til rette for eit ”pilotplannettverk” der kunnskapsutveksling mellom ”pilotar” er tema. Det vil i dette arbeide truleg vere trong for ein ”retteleiar i kystoneplanlegging” slik at kommunane kan leggje til rette areal for havbruksnæringa på ein framtidsretta og god måte.

Forvaltning

Noreg er i fremste rekke i verda innan forvaltning av marine ressursar og miljø. Likevel oppfattar havbruksnæringa akvakulturforvaltninga som komplisert og fragmentert. Fylkeskommunane som etter forvaltningsreforma har fått ansvar for tildelinga av lokalitetar etter akvakulturlova, jobbar kontinuerlig med å betre kvalitet og effektivitet i saksbehandlinga og har godt samarbeid med dei andre regionale forvaltningsorgana. Ei dreining av fokus frå lokalitetar til soner og produksjonsområde vert ei utfordring som fylkeskommunane er forberedt på å møte.

Forvaltninga vil truleg ha trong for meir moderne verktøy som kan fange opp behov for felles kunnskapsbase, overvaking, forvaltning, planlegging m.v. Havforskningsinstituttet og Christian Michelsen Research jobbar saman med forvaltninga i utvikling av ”AkvaVis”. Arbeidet er krevjande og vil ha trong for nasjonal prioritering for å verte til nytte i forvaltninga og arealplanlegginga innan ein rimelig tidshorisont.

Kunnskap, formidling, utdanning og rekruttering

Ein viktig premiss for å vere leiande i ein stadig meir kunnskapsbasert næring er kompetanse og kunnskap. Utdanning og rekruttering til både næringa og forskinga er heilt sentralt. Undersøkingar viser at unge har liten kunnskap om sjømatnæringa, og at interessa for å søkje karriere innan marine næringar er lav. Fortsatt nasjonalt fokus på rekruttering og kompetanse er difor viktig. Stortingsmeldinga om sjømat må ta med utdanning og rekruttering på alle nivå, og sette klare mål og strategiar for arbeidet med å sikre næringa rett kompetanse i alle ledd i verdikjeda. Nasjonalt informasjons- og omdømmeprogram, god kopling mellom skular og næringa og vidareføring av prosjekta ”Sett Sjøbein” og ”Fiskesprell” er døme på tiltak.

Vidareføring og vidareutvikling av ”Smak av kysten”, som eit nasjonalt kompetanseprogram for restaurantnæringa, vil auke bruken og mangfaldet av sjømat og fremme regional matkultur.

Visningsanlegga for akvakultur har tilbod og undervisningsopplegg og samarbeider med skulane. Utvikling av digitale løysingar kan utvide tilbodet til fleire elevgrupper. Dette er tema som samarbeidsorganet ”Forum for visningsanlegg i havbruk” er oppteken av.

Pilottestsenter

Global mangel på omega-3 feittsyrer frå fiskeolje gjer at det er svært aktuelt å finne nye kjelder til føringrediensar. Både utvikling av nye råvarer til fôrproduksjon, unyttinga av heile fisken og utnytting av bifangst vil gjere marin industri meir berekraftig og klimavenleg. I tillegg vil dette auke verdiskapinga lokalt og nasjonalt. Eit berekraftig fôr vil til dømes vere ein av nøklane for vidare vekst i laksenæringa.

Nye driftsformar som integrert akvakultur, der ein kombinerar fisk og algar, eller bruker avfall frå oppdrettsfisk til gjødsel og drivstoff, flytter delar av produksjonen på land, produksjon av marin fisk, mikro- og makroalgeproduksjon vil truleg få større fokus i nær framtid. Det vil difor vere trong for pilotanlegg for forskning og utvikling av prosessar og produkt. Finansiering av testing, oppskalering og kommersialisering er ofte ein utfordring for prosjekt med risiko. Det kan vere trong for særskilde finansieringsordningar for marine ”pilottestsenter”.

Vestlandsrådet

Samtidig er det viktig at bedriftsforskinga vert styrka, og at forskingsmidlar vert løyvd til miljø med næringsklynger som enten er kommersialiserte eller har stort potensiale for kommersialisering.